

Kvalitetsplan for skulefritidsordninga



Time

Revisjon 2023

Innhald

Kvalitetsplan for Skulefritidsordninga i Time2

Heimel	3
Organisering	4
Organisasjonskart	5
Kompetanse	5
Rammeplanen og Verdigrunnlaget i SFO	7
Innhald i SFO.....	7
1. Leik	8
2. Kultur	9
3. Fysisk aktivitet og bevegelsesglede	10
4. Mat og måltidsglede.....	10
Inkluderande SFO.....	11
Samarbeid i SFO.....	12
SFO – skule	12
SFO - heim.....	12
Måloppnåing.....	14

KVALITETSPLAN FOR SKULEFRITIDSORDNINGA I TIME

Kvalitetsplanen er eit overordna styringsdokument. Det vert utarbeidd lokale handlingsplanar og årshjul på skulane som konkretiserer innhald og form.

Målet med planen er å gje leiinga og dei tilsette i skulefritidsordninga (SFO) i Time ei forpliktande ramme for arbeidet med utvikling av kvaliteten i SFO. Planen skal og bidra til å avklara kva føresette og barn kan forventa av tilbodet i SFO.

Planen er revidert skuleåret 2022-2023 og gjeld frå januar 2023.

HEIMEL

Opplæringslova § 13 -7 pålegg alle kommunar å ha eit tilbod om skulefritidsordning (SFO) før og etter skuletid for 1. - 4. trinn og for barn med særlege behov for 1. -7. trinn. Frå hausten 2021 vart det innført ein nasjonal rammeplan for skulefritidsordninga. Rammeplanen er ei forskrift med heimel i § 13-7 opplæringslova.

I §13-7 i opplæringslova kjem mandatet i SFO til uttykk:

«Skolefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skolefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår. Areal, både ute og inne, skal vere eigna for formålet.»

Rammeplanen slår fast at SFO skal byggja sin praksis på grunnleggjande verdiar som er felles for barnehage og opplæringa. SFO tilbodet er ei forlenging av skuletilbodet, og skal reflektera dei same haldningane og verdiane som gjeld i skulen. Skulen sitt verdigrunnlag er skildra i §1-, formålsparagrafen, i opplæringslova. Verdigrunnlaget skal formidlast og praktiserast i alle delar av arbeidet i SFO og prega både innhald og arbeidsmåtar.

Opplæringslova kapittel 9A, «Elevane sitt skulemiljø», omhandlar både det fysiske og det psykososiale arbeidsmiljøet til elevane. Krava til skulemiljøet gjeld og for SFO.

«Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.» Opplæringslova §9A-2

På same måte som barn og føresette kan varsle skulen om at eit barn ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, kan ein varsle dei tilsette på SFO eller skulen om eit barn ikkje har eit trygt og godt miljø på SFO. Dei tilsette har god kjennskap til korleis ein skal handsame desse sakene.

Rammeplan for SFO slår fast at mangfold og inkludering er ein av dei grunnleggjande verdiane i skulefritidsordninga.

«Respekt for ulikhet og anerkjennelse av mangfold skal legges til grunn for arbeidet i SFO. Gjennom å anerkjenne barnas ulike forutsetninger, perspektiver og erfaringer kan SFO bidra til at barna får utvikle et positivt forhold til seg selv og til egen og andres kultur og erfaringsbakgrunn.»

Rammeplan for SFO 2.4

ORGANISERING

Alle barneskulane i Time kommune har tilbod om SFO.

SFO opnar kl. 07.15 og stenger til kl. 16.00 - 16.30. Stengetida kan, i samråd med FAU og SU, utvidast etter behov og innanfor økonomiske rammer.

SFO er open 11 månader i året. SFO er stengt i juli månad. SFO er vanlegvis open i skulen sine feriar. Om det er færre ein 5 barn som ønskjer å nytta seg av SFO-tilbodet i ein skuleferie, vil tilbodet bli gitt ved ein annan SFO i kommunen. Ein av dei tilsette vil då følgja eleven/elevgruppa der SFO-tilbodet blir gitt. Dette gjeld særleg dei små SFO-ane som på grunn av få deltakarar kan bli stengt i skulen sine feriar. SFO nyttar skulane sine lokalar.

Føresette kan kjøpa eit tilbod på 2, 3, 4 eller 5 dagar pr. veke. Kva tilbod som er tilgjengeleg er fastsett i vedtektene for SFO i Time kommune.


Time kommune følgjer nasjonale retningslinjer for foreldrebetaling. SFO skal drivast etter sjølvkostprinsippet og at ein vil tilby redusert foreldrebetaling i tråd med nasjonale føringar og vedtekter for Time SFO.

Når eit barn skal starta på skulen skal SFO vera aktiv i arbeidet med å sikra ein god start på SFO og skule. Rutinar for dette arbeidet er skissert i «Overgangsplan for aldersgruppa 0-16 år» for Time kommune og i denne kvalitetsplanen. Det er SFO-leiar og rektor som har ansvar for overgangsarbeidet ved kvar eining.

I tråd med §13-7 Opplæringslova er det utarbeida vedtekter for SFO. Vedtektene skal regulera eigarforhold, opptak, betaling, opphaldsareal, opningstid, bemanning og leing. Nokre av desse områda er og omtalt i kvalitetsplanen. Forskrifta *Rammeplan for SFO* legg klare føringar på verdiar, arbeidsform, innhald, samarbeid og kvalitetsutviking i SFO. Dette reflekterast i kvalitetsplanen for skulefritidsordninga i Time kommune.

Organisasjonskart

Rektor er ansvarleg leiar. Nokre skular har delegert dette ansvaret til avdelingsleiar ved skulen. SFO er organisert med dagleg leiar for SFO og baseleiarar ut frå storleik.



KOMPETANSE

I Time kommune ønskjer ein at dei tilsette skal ha god og relevant kompetanse i sitt fagfeltet. Oppvekst har som målsetting at alle fast tilsette skal ha relevant utdanning. Ein jobbar for at dei som er tilsett i SFO skal ha fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar eller anna fagleg relevant utdanning.

Ønska kompetanse:

SFO-leiar med pedagogisk utdanning, bachelor i skulefritidspedagogikk eller anna relevant høgskule utdanning.

Baseansvarleg med bachelor i skulefritidspedagogikk eller kompetanse tilsvarande barne- og ungdomsarbeidar.

Tilsette med fagbrev i barne- og ungdomsarbeidarfaget eller anna fagleg relevant utdanning.

For å sikra god kvalitet på tilbodet i SFO er det viktig at dei tilsette har ei kontinuerleg kompetanseutvikling. Det skal leggjast til rette for kompetanseheving for dei tilsette.

Kapittel 6.1. rammeplan for SFO slår fast at:

«SFO skal være et fellesskap og en lærende organisasjon som jevnlig vurderer og videreutvikler sin praksis. SFO skal legge til rette for at hele personalet reflekterer over faglige og etiske spørsmål i tilknytning til rammeplanens verdier og innhold og hvordan de kan være gode rollemodeller for barna.»

Kvar ein skild SFO vel eit tema/område som ein fordjupar seg i kvart år. Dette skal koma fram i den ein skilde SFO sin handlingsplan. Det skal setjast av tid til møter, kvalitetsarbeid og kompetanseheving i personalet på SFO. Det skal vera samanheng mellom arbeidet i skulen og SFO. Skulen sine satsingsområde skal reflekterast i utviklingsarbeidet i SFO.

Ved SFO i Time kommune legg ein vekt på at dei vaksne har kunnskap om relasjonar og relasjonsbygging for å gjera barna trygge på SFO. Dei vaksne er rollemodellar og har fokus på kva som er best for barna.

Målsetting

Tilsette i SFO har god formell- og/eller realkompetanse.

Det er kompetanseutvikling for alle tilsette på SFO.

Dei tilsette jobbar systematisk med refleksjon kring eigen praksis og observasjonar av dagleg leik og aktivitet.

SFO er ein del av skulen sitt kvalitets- og utviklingsarbeid.

Kompetanseheving og lærande organisasjon

SFO-leiarane har eige nettverk. Nettverket har regelmessige møte i løpet av skuleåret der aktuelle tema er på agendaen. I nettverket skal det leggjast vekt på fagleg utvikling og deling.

Dei tilsette i SFO har:

- Fire planleggingsdagar i løpet av skuleåret. Rektor og SFO-leiar er ansvarleg for innhaldet.
- Arbeids- og utviklingsmøte for tilsette i SFO kvar veke
- Høve til å ta fagbrev gjennom ordninga «Fagbrev på jobb».

Arbeid mot målsettinga

- Det vert lagt vekt på kompetanse ved tilsetting i SFO.
- Tilsetting i SFO blir sett i samanheng med tilsetting i skulen. Det er forholdsvis små stillingar i SFO, og for å kunna tilby ein stilling som er attraktiv for ein fagarbeidar, må ein så langt som råd arbeida for kombinerte stillingar.
- Ved den einskilde SFO jobbar SFO-leiar og rektor for å byggja gode system og prosessar for profesjonsutvikling i eininga.

RAMMEPLANEN OG VERDIGRUNNLAGET I SFO

Kapittel 2 i rammeplan for SFO omhandlar verdigrunnlaget i skulefritidsordninga. Rammeplanen skildrar og innhaldet, målsettingane og arbeidsmåtar som gjeld for SFO.

SFO skal byggja sin praksis på dei same verdiane som skulen. Verdiane skal praktiserast i alle delar av arbeidet og prege innhald og arbeidsmåtar i SFO. Verdier som skal leggest til grunn:

- Barndomens eigen verdi
- Tryggleik, omsorg og trivsel
- Mangfald og inkludering
- Skaparglede, engasjemet og utforskartrang
- Demokrati og fellesskap
- Berekraftig utvikling

INNHALD I SFO

Kapittel 3 i rammeplan for SFO omtalar innhaldet i SFO.

SFO skal leggja til rette for lek, kultur- og fritidsaktiviteter som er tilpassa barn i ulike alder og med ulikt funksjonsnivå. Ein skal gjennom innhald og arbeidsmåtar leggja til rette for god samhandling i barnegruppa, mellom enkeltbarn og mellom vaksne og barn. Ungane skal ha gode vilkår for medverknad i SFO. Dei grunnleggjande verdiane skal synleggjerast og konkretiserast gjennom alt som skjer i kvardagen på SFO.

SFO skal ha eit helsefremjande innhald. Det krev at areala er tilpassa alder og føresetnadar i barnegruppa. SFO skal leggja til rette for aktivitetar både inne og ute. Ein skal bidra til god psykisk helse gjennom å skapa opplevingar av livsglede, meistring og eigenverd. Ein skal jobbe for utvikling av eit positivt sjølvbilete og trygg identitet. Innhaldet i SFO skal byggja opp under utviklinga av venskap.

Aktivitetane i SFO tilpassast den einskilde barnegruppa, og ivaretar deira interesser på same tid som ein introduserer nye aktivitetar. SFO kan samarbeida med kulturskulen, lag og foreiningar og frivillige organisasjonar og andre aktørar for å gjennomføra og organisera aktivitetar i tilbodet.

Innhaldet i SFO skal leggja vekt på fire hovudområder:

1. *Leik*
2. *Kultur*
3. *Fysisk aktivitet og bevegelsesglede*
4. *Mat og måltidsglede*

Hovudområda skal syna igjen i den daglege aktiviteten i SFO. Gjennom året skal ein vera innom alle dei fire områda, men den einskilde SFO kan sjølv avgjera kvar hovudfokus til ei kvar tid skal vera.

1. Leik

Leiken skal ha ein stor plass i SFO. Det skal vera tid og rom til leik kvar dag. Alle skal få moglegheit til å delta aktivt i leiken og oppleve meistring. SFO støttar opp om legg til rette for at leiken stimulerer til venskap, relasjonsbygging, språkutvikling, undring og kreativitet.

Aktiviteten skal ha eit tydeleg barneperspektiv. Ein legg til rette for og inspirerer til eit godt leikemiljø for alle barn. SFO legg til rette for at barn med behov for særskilt tilrettelegging blir inkludert i leik og aktivitet.

Leik er viktig fordi:

Gjennom leiken får barn eit særskilt høve til å læra seg å kommunisera og samhandla med andre. SFO er ein viktig læringsarena for utvikling av barnet si evne til positiv samhandling med jamaldringar og vaksne. Leiken er ein viktig arena for å trenast på sosial kompetanse. I leiken øver dei på vaksenverda, løyser problem, førebyggjer konflikhtar og får kompetanse i inkludering og avvisting. Dette er viktige sosiale ferdigheiter som barnet treng vidare i livet. Gjennom leiken må barna ha eit forhold til andre leikekameratar, dei må venta på tur, dei må koma fram til felles løysingar, dei må gje og ta. Gjennom leiken utviklar dei evna til å visa empati, samarbeid, sjølvkontroll, sjølvhevdning, problemløysing og humor.

SFO kan vere ein viktig arena for integrering i det norske samfunnet. Eit inkluderande miljø kan bidra til å hindre utanforskap. SFO har ei viktig rolle som møteplass for barn med ulik språkleg, religiøs og kulturell bakgrunn. For barn som nyleg har kome til Noreg kan SFO spela ei sentral rolle for å bli kjend, inkludert og trivast i sitt nye miljø. Det er og ein god arena for å læra seg språk, leiketradisjonar og kultur. Det er viktig at dei tilsette er merksam på dette og legg til rette for ei god utvikling.

Fri leik og organisert leik:

I Time skal SFO leggja til rette både for fri leik og organisert leik. Så langt som mogleg skal leiken leggjast til rette på barna sine egne premissar. Dette betyr at barna skal få tid og rom for fri leik, kor dei

kan leika uforstyrta under tilsyn og rettleiing. Samtidig vil personalet organisera leikeaktivitetar der dei vaksne deltar aktivt med styring og reglar for leiken. Mange barn treng styring, reglar og vaksenrettleiing for å kunna leika. Personalet i SFO observerer barna i begge leikeformene og grip inn, gjev støtte og hjelp når situasjonen tilseier det. Dagsorden ved den enkelte SFO skal vera så fleksibel at ein unngår å avbryta leiken til barna.

Kvalitetskjenneteikn:

- Leikar og aktivitetar i SFO tar omsyn til interessene i barnegruppa
- Leikar og aktivitetar er varierte, inkluderande og legg til rette for at ungane kan gjera nye erfaringar og oppleve meistring.
- Personalet motiverer, inspirerer og rettleier barna slik at alle kan vera med i leiken.
- Personalet har nødvendig kompetanse til å organisera ulike aktivitetar og leiker som kan inkludera alle uavhengig av føresetnadar
- Det er lagt til rette for variert fri leik og organisert leik, både ute og inne
- Det er systematisk lagt til rette for at ungane har medverknad
- Dei tilsette reflekterer og diskuterer jamleg kva leik inneber, korleis ein kan leggja til rette for gode leikemiljø, og korleis ein skal opptre i møte med barn.
- Personalet har kompetanse i korleis ein skal avdekka og handtera krenking og mobbing, og korleis ein skal byggja eit godt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.
- Føresette opplever at barnet trivast i SFO

2. Kultur

Kultur skal ha ein viktig plass i SFO. Ein legg til rette for at ungane får delta i ulike kunstneriske og kulturelle aktivitetar som musikk, dans, drama og annan skapande verksemd. Gjennom kulturaktivitetar får ungane skapa sine eigne uttrykk og får kjennskap til ulike former for uttrykk, slik at mangfaldet i barnegruppa blir representert.

I tida på SFO får barna bruka og utvikla sine kreative og skapande evner. Dei får høve til å vera oppfinnsame, finne på nye ting, delta i aktivitetar der dei kan bruke fantasi og undra seg.

Kvalitetskjenneteikn:

- Barna får høve til å oppleva, lytta til og sjå ulike former for kunst
- Barna får delta i formgjevande og skapande arbeid som t.d. song, instrument, drama (rolleleik), forteljing, eksperiment og bygging.

- Barna deltar i aktivitetar der dei kan bruka fantasi og undra seg over ulike ting.
- SFO legg til rette for samarbeid med ulike kulturformidlarar.

3. Fysisk aktivitet og bevegelsesglede

SFO skal vera ein arena for fysisk aktivitet som fremmer glede over bevegelse og motorisk utvikling.

Ein skal leggja til rette for at alle barn får delta i variert røyrslø og aktivitet, og bidra i aktivitetslyst.

Det fysiske miljøet og utstyret skal vera utforma ut frå barna sin alder, interesser og funksjonsnivå slik at dei fremjar fysisk aktiv leik. Ein bør leggja til rette for og stimulera til at barna er ute kvar dag i tida dei er på SFO, og for at alle barna på SFO får høve til å utfalda seg fysisk kvar dag.

Kvalitetskjenne-teikn:

- Det blir lagt til rette for og stimulert til fysisk aktivitet som eit fast innslag i SFO-dagen
- SFO har utstyr og områder inne og ute som fremjar fysisk aktivitet.
- Barna har ikkje høve til alltid å velja bort fysisk aktivitet
- Nærmiljøet blir brukt aktivt
- Dei vaksne er deltakande i ulike aktivitetar
- Dei vaksne har kompetanse i korleis ein kan leggja til rette for inkluderande fysisk aktivitet og leik

4. Mat og måltidsglede

SFO skal leggja til rette for daglege måltid som gjev ungane grunnlag for å utvikla matglede, kjensle av fellesskap og gode helsevanar. Dei skal få tilstrekkeleg ro til å eta i tida dei er på SFO.

Med SFO både før og etter skulen kan dagen bli lang, og det er viktig at barna får moglegheit til å eta både før og etter skuletid. I Time SFO er måltida inkludert i prisen. For å byggja gode vaner er maten sunn og laga med utgangspunkt i kosthaldsråd frå Helsedirektoratet. Ein skal og leggja vekt på bærekraftige matvanar og forbruk. Gjennom måltida utviklar barna sunne matvanar og opplever glede og fellesskap ved å eta saman.

Det skal vera tilbod om måltid om morgonen og ettermiddagen i SFO. Det skal leggjast vekt på å skapa ei positiv ramme rundt måltidet med fokus på inkludering og fellesskap. Dei vaksne et saman med barna. Samtidig skal ein leggja vekt på hygiene og bordskikk, og bevisstgjera barna på kva som er sunne

matvanar. Måltidet skal og tilpassast barn med allergiar og ulike typar matintoleranse. Det bør leggjast opp til at barna får vera med å laga til maten, dekkja bordet og rydda etterpå. Gjennom deltakinga lærer dei korleis ein lagar eit enkelt måltid og kva som er sunn mat.

Kvalitetskjenneiteikn:

- Vaksne sit saman med barna under måltida
- Det er sett av tid til måltidet.
- Barna lærer sunne matvanar gjennom å delta i matlaginga.
- Hygiene og bordskikk er ein del av måltidet.
- Det er utarbeida rutinar for gjennomføring av måltidet
- Måltidet ivaretar kosthaldsråda frå Helsedirektoratet

INKLUDERANDE SFO

Kapittel 4 i rammeplan for SFO omtalar inkludring i SFO.

SFO skal aktivt bidra til å laga fellesskap der alle barn kan vera med og oppleve at dei høyrer til. Dei skal oppleve at dei har likeverd, sosial tilhøyrse og fellesskap med andre barn og med personalet.

Tilbodet skal ha ein variasjon som tar omsyn til barnegruppa og ungane sin alder, utvikling og interesser.

Barn med særskilt behov for tilrettelegging skal ha eit tilbod som gjer at dei kan delta likeverdig i leik, kultur og aktivitetar. Ein skal jobba aktiv for å fremja universell utforming.

SFO ivaretek, anerkjenner, synleggjer mangfald og legg til rette for at ulike språk, yttringsformar og kulturar kan inkluderast i leik og aktivitet. Utfomringa av leikemiljøet inne og ute skal ta omsyn til mangfaldet i barnegruppa. SFO skal bidra til å utjamna sosiale forskjellar

Kvalitetskjenneiteikn:

- Barna opplever felles tilrettelagte aktivitetar i tida på SFO
- Dei vaksne følgjer med og sikrar at barna er inkludert i leiken
- SFO har ein inkluderande kultur der alle kjenner seg velkomen
- Aktivitetene tar omsyn til og synleggjer mangfaldet i barnegruppa

SAMARBEID I SFO

Kapittel 5 i rammeplanen for SFO omtalar samarbeid i SFO.

Omsynet til barns beste skal liggja til grunn når SFO samarbeider med føresette, skule, barnehage og andre offentlege instansar.

SFO – SKULE

Det er lagt til rette for samhandling og samarbeid mellom skule og SFO slik at dei daglege overgangane mellom SFO og skule blir gode. SFO skal bidra til å skapa god overgang frå barnehage til skule og SFO.

Kvalitetskjenneitekn:

- Rektor har det overordna ansvaret og legg til rette for godt samarbeid.
- Det er god kommunikasjon mellom dei tilsette i skule og SFO, og dei daglege overgangane er gode.
- Det blir sett av tid til dialog og samarbeid om enkeltbarn kvar veke
- SFO deltar på foreldremøta for 1.- 4. trinn om hausten eller dei har eigne foreldremøte
- SFO-tida til barna skal vera tema på samtalane med føresette.
- Det informerast om SFO på skulen si heimeside
- Det er faste samarbeidsmøte mellom SFO-leiar og leiinga ved skulen. Ein plan for samarbeidet utformast av SFO-leiar og rektor i samband med nytt skuleår.
- Det skal koma fram i handlingsplanen til SFO korleis ein vil jobba med skulen sine satsingsområde i personalet ved SFO.
- Rektor er ansvarleg for at dei som jobbar på SFO har, og får, kompetanse i korleis ein skal fremja gode miljø og korleis ein skal avdekka og handtera mobbing og krenking.
- SFO-leiar deltek aktivt i overgangsarbeidet mellom barnehage og skule. Det blir lagt til rette for at ungane blir kjent med det fysiske miljøet og personalet i SFO før skulestart.
- SFO-leiar/ baseansvarleg deltek i samarbeidsmøte om enkeltelevar der det er hensiktsmessig.
- SFO-leiar skal involverast i arbeidet rundt enkeltelevar og få tilstrekkeleg informasjon og støtte til å kunne gje barnet god oppfølging i SFO-tilbodet.

SFO - HEIM

Det er lagt til rette for god dialog og samarbeid mellom føresette og SFO. SFO gjev føresette informasjon om tilbodet, avklarar gjensidige forventningar og legg til rette for at føresette kan bidra i arbeidet med å vidareutvikla kvaliteten.

Samarbeidet med heimen skjer gjennom dagleg kontakt i hente- og bringesituasjonar, på skulen sine nettsider, gjennom digital kommunikasjon, telefonar og på årlege foreldremøte. SFO i Time har eit

årshjul: «System for medverknad og kommunikasjon». Dette nyttast for å sikra god kommunikasjon mellom skule og heim.

Kvart andre år blir det gjennomført ei brukarundersøking der føresette får uttala seg om korleis dei opplever SFO-tilbodet. Resultatet av undersøkinga blir følgt opp av kvar eining og fagstab skule i Time kommune.

For at samarbeidet skal fungera godt, er det det ei avklarar kva for forventingar dei føresette kan ha til SFO – og kva forventingar SFO har til dei føresette.

Dette kan føresette forventa av SFO:

Kvalitetskjenneteikn:

- Dei føresette får informasjon om kvardagen på den enkelte SFO via skulen si heimeside og generell informasjon om SFO er oppdatert og tilgjengeleg.
- Dei føresette finn informasjon om SFO-tilbodet i Time kommune på kommunen si heimeside.
- Føresette og barn opplever engasjerte vaksne på SFO, som har oversikt og som viser omsorg for det einskilde barn.
- Føresette blir møtt på ein høfleg måte av tilsette som viser respekt og er lyttande.
- Føresette får informasjon om sitt barn på SFO i samtale med skule og/eller SFO.
- SFO er synleg og aktiv i overgangsarbeidet mellom barnehage og skule.
- SFO deltek i samarbeidsmøte saman med skule og PPT og andre instansar når det er behov for det. Det skal leggjast til rette for tverrfagleg samarbeid og oppfølging og i SFO-tida.
- SFO legg til rette for å møte behova til det einskilde barn.
- SFO-deltekk i arbeidet med IP-plan når det er nødvendig for å ivareta eleven sitt behov for eit heilskapleg, koordinert og individuelt tilpassa hjelpetilbod.

Slik kan føresette bidra til godt samarbeid med SFO:

- Delta på foreldremøter og overgangsarbeid når barnet skal starta på skule og SFO.
- Bidra til eit positivt miljø ved å vera bevisst på korleis ein omtalar SFO, andre barn og vaksne.
- Gje SFO beskjed om forhold som kan bety noko for korleis barnet trivst, slik at personalet kan følgja opp barnet og gje ekstra omsorg.
- Respektera opningstidene. Meld frå om eventuelle forseinkingar/endingar i samband med henting.
- Følgja med på informasjon frå SFO på skulen si heimeside og meldingar som vert sendt ut, og gi svar innan dei fristane som er sett.

- Gje beskjed innan oppsette fristar før skulen sine ferie/fridagar kva for behov ein har for desse dagane, slik at SFO leiar kan planleggja ein god bruk av personalet.
- Delta i brukarundersøkingar og gi innspel til skulen sine samarbeidsorgan for å fremja kvaliteten på SFO-tilbodet.

Medverknad:

- Føresette med barn i SFO har høve til medverknad i dagleg kontakt, ulike kommunikasjonskanalar, foreldremøte og brukarundersøkingar.
- FAU skal ha ein person som representerer SFO.
- Ungane ved kvar SFO får vera med å påverka tilbodet ved sin SFO gjennom systematiske barnesamtaler og uformell dialog med dei tilsette i kvardagen.

MÅLOPPNÅING

For å finna ut om SFO-tilboda i Time kommune når målsettingane er det viktig med informasjon frå dei som brukar tilbodet, og evaluering av handlingsplan og årsplan i personalet. Som ein del av organisasjonlæring og kompetansutviklinga skal dei tilsette og jobba systematisk med evaluering av arbeidet på SFO og eigen praksis.

Kvalitetskjenneiteikn:

- Gjennomføra årlege samtalar med barna på SFO. Felles kommunalt samtaleskjema som kan nyttast til dette. Resultatet av samtalane skal brukast for å forbetra kvaliteten på den einkilde SFO. Ungane får tilbakemelding på korleis deira forslag har vore med å forma tilbodet på SFO.
- Personalet ved SFO vurderer kvart år praksis ved eininga opp mot kvalitetsplanen og gjeldande handlingsplan i personalmøte.
- Personalet evaluerer årsplan opp mot handlingsplan og kvalitetsplan som forarbeid til planlegging for neste år.
- På kommunenivået blir det gjennomført brukarundersøking kvart andre år. Resultatet av denne undersøkinga blir behandla politisk. Resultatet på undersøkinga blir følgd opp i nettverk for SFO-leiarar og på kvar eining. Rektor har ansvar for å informera FAU om resultatet for si eining.
- Det blir gjennomført årlege møte mellom kvar eining og fagstab skule. Tema for møte er arbeid med resultatata frå brukarundersøkinga, arbeid med kvalitetsplan og handlingsplan.